



**Hans Reidar Kjærland eig det som for tida er det finaste fruktreet i dalen.**

**Det er eit gamalt pæretre som står tett inntil vegen og som mest treffande kan kallast ein kvit brud slik det ser ut no om dagen.**

**Det er heilt enkelt praktfullt!.**

- Dette er eit pæretre som kjem frå Skorpo og frå ein foregangsfamilie innan fruktavlen - Langballe, fortel Hans Reidar til uskedalen.no. Det var bestefaren hans som 'importerte' det frå Skorpo. Truleg skjedde det like før år 1900.

- Ber det framleis frukt?

- Det gjer det sjølv om pærehausten varierer ganske mykje frå år til år, opplyser Hans Reidar.

Det var i si tid rundt 300 frukttre på garden på Skorpo og. Michael Langballe var i Bergen med frukt to gonger i veka. Båten Lønningdal var innom og henta. Eple og pærer vart pakka i tunner. Ein eplesort fekk faktisk namnet Langballe - utan at sorten vart nokon stor suksess.

(Foto: Ola Matti Mathisen)